

**Merknader til Årsmøtesak 2;
Årsmelding til Hordaland Mållag mars 2021- mars 2022
med utgangspunkt i protokoll for årsmøtet i fjor som vart halde 20. mars.**

I årsmeldinga står det på side 1 i saka:

“ Marie Morken vart ikkje vald på årsmøtet, men styret vedtok på det konstituerande møtet å supplera *styregruppa* med ein ekstra medlem som kunne ta på seg rolla som kasserar.”

På årsmøtet i fjor pkt 1.2. **Årsmøteføresegner** la styret fram slikt vedtakspunkt :

Årsmøtet vedtek å fylgja vedtektene i “Lov for Hordaland Mållag” under årsmøtet slik dei ligg føre.

Dette vart samrøystes vedteke.

Her står det m.a. at det skal vera 5 medlemmer i styret - altså 5 røyster og oddetal. Eit styre er ikkje ei fleksibel gruppe. Det er eit stingent og avgrensa organ med eit gitt tal røyster.

Då valnemnda ikkje hadde funne fram til nokon som var villig til å ta på seg kasseraroppgåva og hadde difor lagt inn slik føring for det 5 styremedlemet i innstillinga si til årsmøtet:

“ Styret får i oppgåve å finna ein ekstra person til eit ledig styreverv og konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og kasser.”

Årsmøtet valde inn som styremedlem nr 5.Knut O.Dale etter framlegg frå *Håkon Tverdal* frå Odda Mållag (I årsmøteprotokollen står det at framlegget er frå Harald Jordal) Knut O. Dale vart vald inn i styret for 2 år med 23 mot 6 røyster

Årsmøtet valde eit komplett styre på 5 medlemmer. Styret er med det fullsett.

Etter dei vedtektene for møtet som styret har bede årsmøtet vedta og som dei samrøystes har vedteke, er styret fullt og kan ikkje uvidast.

Valnemnda sitt framlegg på punktet

“Styret får i oppgåve å finna ein ekstra person til eit ledig styreverv og konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og kasser.” hadde såleis ikkje lenger validitet.

Styret i Hordaland Mållag opna etter årsmøtet likevel for at Marie Morken vart teken inn i styret med fulle rettar (tale, forslags og røysterrett) og med funksjon som kasserar. Dette vedtaket var ikkje legitimt sidan styret alt hadde 5 medlemmar.

At det har vore 6 røysteføre i styret for Hordaland mållag i meldingsåret er eit klart lovbrod.
Slik kan vi ikkje ha det.
Lex superior-prinsippet gjeld.

Styret i Odda Mållag

Merknad 2. Val av Valnemnd.

I møteprotokollen står det at Astrid Olsen vert føreslegen av styret som leiar i valnemnda.
Vidare står det at Knut O. Dale presenterte framlegget frå Odda Mållag om ny leiar i valnemnda utan at namnet på kandidaten er kome med.

Odda Mållag vil peika på at det er god protokollskikk å ta med namnet på føreslegne tillitsvalde som det vert votert over.

Det som er viktigare er at Odda Mållag meiner at det ikkje galdt å velja leiar i valnemnda , men nytt medlem. Dette ville ha vore i samsvar med vedtektene til Hordaland Mållag.

Odda Mållag kan ikkje hugsa anna enn at Jofrid Espeland frå Jondal Mållag vart føreslegen som medlem i valnemnda.

Rett protokoll vil etter vårt syn vera at Astrid Olsen vart vald inn som nytt medlem og at leiarspørsmålet var ei sak for valnemnda å ta standpunkt til.

Styret i Odda Mållag